

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 Oslo

Oslo, 11.04.2016

## Høyringsvar frå Norsk Målungdom til rapporten *Kunnskapssektoren sett utenfra*

Norsk Målungdom har merknadar til rapporten *Kunnskapssektoren sett utenfra*, og innspela våre tek i hovudsak føre seg organisering av og rollene til nasjonale senter, særleg Nynorsksenteret.

Lesesenteret, Skrivesenteret, Nynorsksenteret og Fremmedspråksenteret tilbyr faglege ressursar som er utvikla i tråd med aktuell forskning, og sentera spelar ei sentral rolle i språkopplæringa. Språkkunnskap legg grunnlaget for læring i alle fag, og språksentera har difor ein svært viktig funksjon. Dersom denne funksjonen forsvinn, kan det få negative konsekvensar for elevane si læring. Dei nasjonale sentera har over tid bygd opp miljø med høg kompetanse innanfor fagområda sine, som det er viktig å ta vare på. Fagkompetansen til sentera er skreddarsydd for å oppdatere og vidareutvikle språkopplæringa på ein måte som møter behova i skulen.

Norsk Målungdom vil særleg understreke at den ressursen Nynorsksenteret utgjer i dag for arbeidet med nynorsk både som hovudmål og sidemål, er særskilt viktig for nynorskopplæringa. Nynorsksenteret legg vekt på å utvikle metodar og arbeidsmåtar som kan vere med på å skape språkkompetanse og motivere for arbeid med nynorsk. Nynorskopplæringa må styrkjast i eit samfunn der nynorsken er under press fleire stadar, og Nynorsksenteret er ein viktig del av dette arbeidet.

Gjedrem-utvalet meiner at «Oppgavene kan løses av direktoratet selv, gjennom tidsbegrensede prosjekter som lysnes ut eller gis i oppdrag til en eller flere aktører, eller som del av det faste oppdraget til en statlig virksomhet (s. 68)». Norsk Målungdom meiner at dette er å undervurdere verdien av fagmiljøa ved sentera. Me ynskjer at Nynorsksenteret skal førast vidare som eiga eining for å sikre at det både vert forska på og utvikla gode metodar i nynorskopplæringa, og at senteret får tilstrekkelege ressursar til å drive fram og formidle god forskning på området. Ei eventuell samanslåing med andre nasjonale senter må ikkje skje utan at den nye institusjonen får eit eksplisitt ansvar for nynorsken, og at det unike fagmiljøet i Volda står ved lag.

Beste helsing  
Norsk Målungdom

*Synnøve Marie Sætre*

Synnøve Marie Sætre  
leiar

